

Budsjett 2018

Psykisk helsevern
Helse Førde HF

Innhald

Samandrag.....	2
Føresetnader i budsjett 2018.....	3
Budsjettarbeidet i PHV.....	3
Risiko i budsjett 2018.....	4
Ramme 2018.....	4
Økonomi.....	6
Kostnadsutvikling.....	6
Aktivitetsutvikling.....	7
Aktivitet per avdeling.....	7
Bemanningsplan.....	8
Forsking.....	8
Budsjettprosess.....	8
Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet.....	8

Samandrag

Budsjettet til PHV er utarbeidd innanfor den ramma som er gitt. Det er nytta rammebudsjettering, slik at alle avdelingar i PHV har tatt sin relative del av den utfordringa som ligg i å lage budsjett innanfor tildelte rammer.

Vi har fordelt ramme for 2018 mellom verksemdsområda i PHV slik:

	Ramme 2018		Innsparing 2018	
PHV:	287 050	79,1 %	-6 220	74,0 %
TSB:	61 560	17,0 %	-1 700	20,2 %
Forsking/adm:	14 150	3,9 %	-480	5,7 %
Total ramme:	362 760	100,0 %	-8 400	100,0 %
Totalt PHV:	287 050	100,0 %	-6 220	100,0 %
Herav PBU:	59 650	20,8 %	-950	15,3 %
Herav voksen:	227 400	79,2 %	-5 270	84,7 %

PHV har gjennom fleire år vore nøydd til å finne rimelegare måtar å tilby våre pasientar eit godt og forsvarleg behandlingstilbod. Budsjettet for 2018 er stramt, men det er lagt opp til ei forsvarleg drift. Vi vil med dette budsjettet også i 2018 kunne gje gode tilbod med høg kvalitet til pasientane våre.

Psykisk helsevern for vaksne har fokus på å sikre kvaliteten og omfanget av poliklinisk verksemd slik at vi framleis samla sett tilbyr adekvate og gode pasientforløp ved kvart DPS. Dette arbeidet vil halde fram i 2018. Ein verknad av dette er mindre bruk av og behov for døgnplassar.

Døgntilbodet for psykisk helsevern til barn og unge vert planlagt på same nivå som i 2017, og vi ventar at tal polikliniske konsultasjonar vert noko høgare enn siste år.

Innanfor TSB har vi redusert kjøp av gjestepasientplassar til eit nivå som kan vere det nivået som følgjer av fritt sjukehusval, og vi ventar at aktiviteten vert om lag som siste år.

Føresetnader i budsjett 2018

Årsprognosen for 2017 gjev grunnlaget for budsjettet for 2018. Det er lagt inn ein lønsvekst på 3,0 prosent, inkludert lønsoverheng, gliding og lønsoppgjøret for 2018. Det er lagt inn 1,8 prosent prisauke på varekostnader og andre driftskostnader. DRG-inntekter er auka opp med 1,8 prosent, og andre inntekter er auka med 1,8.

Budsjettarbeidet i PHV

Det er i budsjettet for 2018 ikkje lagt opp til at vi skal gjennomføre spesifikke tiltak i 2018 som vil påverke drifta. Vi starta arbeidet med å tilpasse drifta til rammene for 2018 allereie tidleg i 2017. Endringar som skal skje på den enkelte avdeling vil skje innanfor budsjetterte rammer og det personellet som er tilgjengeleg.

NPS

- Tilsette i alle psykologstillingane.
- Andre stillingar som har stått ledige, er no fylt opp i tråd med planane for utvikling av senteret.
- Vi har for tida berre ein overlege ved senteret, og må bruke mykje pengar på innleige av vikarar då det er krevjande å rekruttere overlegar til faste stillingar.
- Bidreg med delfinansiering av ei overlegestilling ved eldre medisinsk poliklinikk ved Nordfjord sjukehus.

Dei økonomiske utfordringane har vorte løyst ved:

- Redusert budsjettposten til kompetansebygging.
- Redusert budsjettposten til ekstrahjelp.
- Vakansperiode for stillingar som vert ledige.
- Halde enkelte stillingar vakante gjennom heile året.

ISP

Reduksjon av stillingar som vart gjort i 2016 har hatt heilårsverknad i 2017. Tiltaka har vist seg å vere tilstrekkelege til også å innfri deler av innsparingskravet i 2018, og det blir ikkje lagt opp til ytterlegare nedtak av stillingar i 2018. For å oppnå budsjettbalanse har vi i tillegg gjort ein kritisk gjennomgang av alle postar som ikkje er knytte til løn. Ut frå erfaringstal siste åra har vi mellom anna auka budsjett for refusjon for arbeidskraft og redusert på utgiftene til reise, kurs og konferansar. Tal overlegar er fortsatt 2,4 og vi har to LIS i utdanning. Endringane medfører at vi opererer med ein større grad av risiko. Spesielt gjeld dette dersom vi får uventa frávær hjå overlegegruppa, men vi meiner at risikoen er innanfor det akseptable.

PSK

Satsar på å utdanne eigne lege- og psykologspesialistar, men vi må likevel fortsatt leige inn overlegar frå vikarbyrå – noko som er svært dyrt. Avdelinga greier ikkje å gjennomføre nødvendig auke i stillingar på poliklinikk og ambulante team slik det er nasjonale føringar på.

Psykisk helsevern i Helse Førde har lågast del døgnplassar for sentralsjukehusfunksjoner, med berre eitt døgntilbod som dekker alle sentralsjukehusfunksjonar for vaksne i Helse Førde.

Rus døgn på Tronvik er delvis finansiert frå Helse Vest for å kunne ta imot pasientar frå Helse Vest, men status er at vi har ein større del pasientar frå andre føretak i Helse Vest enn det som ligg i tildelt ramme. Om lag 60 - 75 prosent av opphalda på Tronvik kjem frå andre føretak enn Helse Førde. Dei fleste pasientane kjem frå Helse Bergen. Midlar brukt på pasientar som kjem frå andre føretak i Helse Vest utover dagens tildelte ramme, kunne vore brukt på andre tilbod innan psykisk helsevern.

Kirurgisk- og medisinsk klinikk har meldt inn behov for overlegeressurs på kreftavdelinga, eldre medisinsk poliklinikk og psykologressurs til fedme- og smertepoliklinikk. Det er funne rom for å dekkje ressurs til fedmepoliklinikk og smertepoliklinikk. Psykiatrisk klinikk klarer ikkje å dekke utgifter til spesialistressurs til kreftavdelinga og eldre medisinsk poliklinikk i Førde utan at dette går utover andre tilbod på psykiatrisk klinikk.

Inntil vi får nybygg i Førde til kombinert akutt-/tryggleikstilbod, vil det vere trong for fleire opphaldsplassar for tryggleikspasientar som vi må betale for i andre føretak.

PBU

PBU har siste åra effektivisert og redusert tal tilsette, så drifta i 2018 blir om lag som i 2017.

Risiko i budsjett 2018

PHV dekker gjestepasientkostnader i driftsbudsjettet. Det er alltid ein risiko for at fleire pasientar nyttar fritt sjukehusval, eller at vi ikkje har kapasitet. Dette vil kunne medføre kostnader utover budsjett som PHV må dekke gjennom innsparingar.

Det har vist seg at det er vanskelig å rekruttere fagfolk med spisskompetanse (overlegar og psykologspesialistar). Mangel på fagfolk kan gi lågare inntekter enn budsjettert og bidra til auka ventetider. Tilsetjing av ikkje-spesialistar gir oss høge utdanningskostnader. Det er også risiko for å måtte leige inn helsepersonell til ein langt høgare kostnad enn om vi klarte å rekruttere egne tilsette.

Ramme 2018

Budsjettramme 2018 - PHV (tal i 1000 kroner)	
Prognose 2017	-4 500
Prisendringar 2018	-4 650
Tiltak	9 150
Sum	0

PHV forventar eit overskot i 2017 på 4,5 millionar i høve budsjett. Overskotet skuldast vakante stillingar og anna fråvær utan bruk av vikarar, og at vi allereie i 2017 har tilpassa drifta til kostnadsnivået for 2018. Tilpassinga har skjedd ved omstillingar i drifta for å unngå driftsmessige utfordringar i 2018.

Prisendring (tal i 1000 kroner)	
Endra basisinntekt	-11 500
Prisauke DRG poeng	-416
Prisauke inntekter	-173
Lønsvekst	8 885
Endra pensjon	-2 319
Prisendring varer og andre kostnader	873
Netto prisendring	-4 650

Endra basisinntekt er summen av styrking som følgje av prisjustering (9,1 mill.), tillegg for finansiering av fritt sjukehusval (3,86 mill.), tillegg for omlegging av HELFO/ISF-takstar (0,14 mill.), tillegg for dyrare tryggleiksplassar (6,8 mill.) og fråtrekk for realinnsparingskrav (8,4 mill.).

DRG-prisar er auka med 1,8 prosent. Prisar for andre inntekter er justert opp med 1,8 prosent.

Lønsveksten er budsjettert med 3,0 prosent.

Andre kostnader er justert opp med 1,8 prosent.

Tiltak (tal i 1000 kroner)		
ISP	Tilskot til 1 jobbkonsulent	-500
ISP	Aktivitetsauke DRG	-400
ISP	Aktivitetsauke HELFO	-110
ISP	Tilsett 1 jobbkonsulent	557
ISP	Redusert 0,5 årsverk ved ISP døgn	-250
ISP	Redusert 0,5 årsverk ved ISP dag	-215
ISP	Reduserte reisekostnader	-68
ISP	Reduksjon i andre driftskostnader	-84
NPS	Reduksjon i prosjektmidlar	260
NPS	Aktivitetsauke DRG	-650
NPS	Aktivitetsauke HELFO	-375
NPS	Redusert innleige av helsepersonell	-1 800
NPS	Endra bemanning NPS	31
NPS	Reduserte reisekostnader	-25
NPS	Reduksjon i andre driftskostnader	-176
PBU	Kommunalt tilskot	-300
PBU	Aktivitetsauke DRG	-3 350
PBU	Andre inntekter	-200
PBU	Etablere vaktordning ved UPH	1 456
PBU	Tilsett ein lege ved Førde BUP	750
PBU	Redusert med vikar ved Nordfjord BUP	-718
PBU	Endra personalkostnader Sogndal BUP	51
PBU	Reduserte reisekostnader	-254
PBU	Reduksjon i andre driftskostnader	-244
PSK	Reduksjon i prosjektmidlar	210
PSK	Reduksjon i midlar til forskning	540
PSK	Aktivitetsauke DRG	-1 250
PSK	Aktivitetsauke HELFO	-425
PSK	Redusert innleige av helsepersonell	-1 990
PSK	Tilsett ny overlege, samt diverse mindre endringar	1 144
PSK	Endra avsetning for gjestepasientar tryggleik PSK	3 755
PSK	Reduserte reisekostnader	-90
PSK	Reduksjon i andre driftskostnader	-639
ADM	Tilskot til NORSE	-50
ADM	Flytta DRG budsjett til avdelingane	4 100
ADM	Reduserte inntekter for gjestepasientar	700
ADM	Endra personalkostnader ADM	93
ADM	Fritt behandlingsval	3 860
ADM	Høgare gjestepasientkostnader	5 490
ADM	Endring i driftskostnadar ADM	317
Netto kostnadsending		9 150

Økonomi

Psykisk helsevern	Rekneskap 2016	Budsjett 2017	Prognose 2017	Budsjett 2018	Endring B18 - B17
Basisramme	- 377 200	- 360 400	- 364 500	- 371 900	- 11 500
ISF egne pasienter		- 21 550	- 17 450	- 23 516	- 1 966
Gjestepasientinntekter	- 2 148	- 2 200	- 2 200	- 1 478	722
Polikliniske inntekter	- 20 405		- 50	- 61	- 61
Andre øremerkede tilskudd	- 1 549	- 1 364	- 1 630	- 896	468
Andre driftsinntekter	- 9 586	- 9 586	- 9 390	- 11 249	- 1 663
Driftsinntekter	- 410 888	- 395 100	- 395 220	- 409 100	- 14 000
Kjøp av offentlege helsetenester	14 411	14 552	16 430	24 427	9 875
Kjøp av private helsetenester	4 448	1 607	1 200	6 474	4 867
Varekost	5 650	4 532	4 755	4 703	172
Innleid arbeidskraft	11 068	9 900	10 070	6 468	- 3 432
Lønn til fast ansatte	245 888	256 433	253 633	265 838	9 404
Overtid og ekstrahjelp	8 244	7 896	7 461	6 623	- 1 273
Pensjonskostnad inkl arbeidsgjevaravgift	76 106	57 120	57 120	54 800	- 2 319
Off tilskudd og ref oner vedr arbeidskraft	- 11 466	- 8 421	- 10 125	- 11 057	- 2 636
Annen lønn	35 943	37 102	36 026	37 187	85
Andre driftskostnader	17 231	14 379	14 150	13 636	- 743
Driftskostnader	407 523	395 100	390 720	409 100	14 000
Driftsresultat	- 3 365		- 4 500		

Kostnadsutvikling

Kjøp av helsetenester

I dag kjøper PHV plassar innan psykisk helsevern, under dette også tryggleiksplassar og rusomsorg. Årsaka er både at pasientane har fritt sjukehusval, og at vi ikkje kan tilby pasienten rett behandling i fylket. Vi har sett ein auke i slike kostnader i 2017, og difor er det budsjettert med høgare kostnader knytt til kjøp av helsetenester frå andre føretak enn i budsjettet for 2017.

Innleige av arbeidskraft

Det har vore nytta ein del innleige av arbeidskraft i 2017 fordi vi ikkje har greidd å rekruttere arbeidskraft med rett kompetanse. Vi arbeider aktivt med å erstatte personell som har slutta, men legg til grunn at det også vil komme på kostnader knytt til innleige av helsepersonell i 2018.

Løn til tilsette og overtid/ekstrahjelp

Endringa skuldast generell lønnsauke budsjettert til 3,0 prosent og heilårsverknader knytt til bemanningsendringar i løpet av 2017.

Aktivitet utvikling

Aktivitet	Oppnådd 2015	Oppnådd 2016	Prognose 2017	Mål 2018	Endring 17 til 18
Psykisk helsevern voksne					
Tal heildøgnsopphald	17 569	18 934	18 650	18 200	-450
Tal utskrivne pasientar	1 039	1 181	1 080	1 105	25
Poliklinisk dagbehandling	217	410	460	410	-50
Polikliniske konsultasjonar	23 488	24 623	25 200	26 200	1 000
Rus					
Tal heildøgnsopphald	7 215	7 726	6 920	7 450	530
Tal utskrivne pasientar	177	188	220	203	-17
Polikliniske konsultasjonar	3 254	3 154	3 200	3 300	100
Psykisk helsevern barn og unge					
Tal heildøgnsopphald UPH	1 255	1 085	1 250	1 100	-150
Tal utskrivne pasientar UPH	109	91	100	90	-10
BUP polikliniske konsultasjonar	17 681	17 713	17 500	17 700	200

Det er lagt opp til lågare aktivitet knytt til døgnopphald for voksne i 2018, og ein auke i poliklinisk aktivitet. Vi vil arbeide for å auke aktiviteten innanfor TSB i høve førre år. Aktiviteten i PBU er venta å verte på nivå med 2017.


Aktivitet per avdeling

Avdeling	Poliklinikk m/refusjon					
	Oppnådd 2014	Oppnådd 2015	Oppnådd 2016	Prognose 2017	Måltal 2018	Endring 17 til 18
PBU	17 252	17 681	17 713	17 500	17 700	200
ISP	6 140	6 789	6 796	6 700	7 200	500
RUS ISP	772	700	696	800	750	-50
NPS	5 783	6 588	7 299	7 700	7 500	-200
RUS NPS	495	561	609	800	700	-100
PSK	9 607	10 111	10 528	10 800	11 500	700
RUS PSK	1 777	1 993	1 849	1 600	1 850	250
SUM VP	21 530	23 488	24 623	25 200	26 200	1 000
SUM RUS	3 044	3 254	3 154	3 200	3 300	100

Avdeling	Heildøgn					
	Oppnådd 2014	Oppnådd 2015	Oppnådd 2016	Prognose 2017	Måltal 2018	Endring 17 til 18
PBU	1 304	1 255	1 085	1 250	1 100	-150
ISP	3 568	3 756	3 874	4 050	4 000	-50
RUS ISP	129	59	99	50	70	20
NPS	3 060	3 028	3 674	3 800	3 100	-700
RUS NPS	2 597	2 556	2 909	2 800	2 800	0
PSK	10 623	10 785	11 386	10 800	11 100	300
RUS PSK	4 667	4 600	4 718	4 070	4 580	510
SUM VP	17 251	17 569	18 934	18 650	18 200	-450
SUM RUS	7 393	7 215	7 726	6 920	7 450	530

Avdeling	Utskrivne pasientar					
	Oppnådd 2014	Oppnådd 2015	Oppnådd 2016	Prognose 2017	Måltal 2018	Endring 17 til 18
UPH	62	109	91	100	90	-10
SUM PBU	62	109	91	100	90	-10
ISP	149	129	111	115	115	0
RUS ISP	9	3	9	5	8	3
NPS	133	153	185	190	180	-10
RUS NPS	93	72	88	100	95	-5
PSK	694	757	885	775	810	35
RUS PSK	117	102	91	115	100	-15
SUM VP	976	1 039	1 181	1 080	1 105	25
SUM RUS	219	177	188	220	203	-17

Bemanningsplan



PHV har 415 brutto månadsverk per oktober 2017 og 391 netto månadsverk. Det er redusert tal månadsverk gjennom 2017, som også vil bidra til reduksjon i 2018.

Forsking

Psykisk helsevern opprettheld satsinga på forskning og har sett av like mykje midlar til forskning i budsjett 2018 som i 2017. Klinikken har fleire tilsette som held på med doktograd - PhD, finansiert både av tildelte midlar frå Helse Vest og interne midlar.

Budsjettprosess

Vi har arbeid med budsjett sidan våren 2017, og tillitsvalde og verneteneste har vore inviterte til klinikkråd gjennom året. PHV har hatt følgjande milepålar i budsjettprosess:

- 16.08.17 Klinikkråd med tillitsvalde og verneteneste. Orientering om budsjettprosessen generelt, førebelse budsjettføresetnader og milepålar frå økonomidirektør.
- 18.09.17 Drøftingsmøte ISP med tillitsvalde og verneteneste.
- 11.10.16 Klinikkråd PHV, med tillitsvalde og verneteneste. Status i budsjettarbeidet.
- 16.10.16 KAMU PHV
- 20.10.17 Drøftingsmøte NPS med tillitsvalde og verneteneste.
- 24.10.17 Drøftingsmøte PBU med tillitsvalde og verneteneste.
- 03.11.17 Drøftingsmøte PHV med tillitsvalde og verneteneste.
- 13.11.17 Drøftingsmøte PSK med tillitsvalde og verneteneste.
- 29.11.16 Budsjett gjennomgått i klinikkråd for PHV

Forkortingar for einingsnamn nytta i dokumentet

Psykisk helsevern – PHV
Psykiatrisk klinikk – PSK
Nordfjord psykiatrisenter – NPS
Indre Sogn psykiatrisenter – ISP
Psykisk helsevern for barn og unge – PBU
Ungdomsavdeling for psykisk helsevern – UPH